

Naturvernforbundet Nordhordland

Hoplandsjøen 74

5943 Austrheim

16.02.16

Meland kommune

Saknr: 94/2015

Flytting av Blom Fiskeoppdrett AS i Herdlefjorden i Meland kommune.

### Uttale frå Naturvernforbundet Nordhordland:

Dagens akvakulturanlegg ved Laksevika treng ei oppgradering i samsvar med regelverket, noko det iflg. søkjar ikkje får ved den eksisterande lokaliteten, pga konflikt med militært sikringsområde.

Ut i frå konsekvensutgreiinga utført av Akvator, vil den nye lokaliteten blant anna vera meir rømingssikkert, ha større areal per fisk, og gje større avstand mellom matfisklokalitetane i Herdlefjorden, som kan vera positiv for å minke smittespreiing mellom lokalitetane. I kommunen sin arealplan er det ikkje eigne retningsliner knytte til natur og friluftsliv for den aktuelle lokaliteten. Dermed stiller Naturvernforbundet Nordhordland (NVN) seg positiv til at anlegget flyttast.

Maksimalt tillat biomasse (MTB) ved dagens lokalitet er 1560 tonn. Ved den nye lokaliteten skal det søkast om å få auke til 3600 MTB.

På årsmøte i 2014 vedtok NVN å seie nei til nye fiskeoppdrettskonsesjonar som ikkje er lukka, og arbeida for redusert volum i oppdrettsnæringa i Nordhordland. Sidan det ikkje skal bli enda eit oppdrettsanlegg i området, men flytting av eit eksisterande anlegg, meiner vi at det ikkje kjem i konflikt med vedtaket. Derimot stiller vi oss negativ til planane om aukinga av MTB.

Lukka anlegg er stadig under utvikling, og har mange fordelar for omgjevnadane kring akvakulturanlegga. Det hindrar blant anna smittespreiing av diverse sjukdommar og lakselus, er meir rømingssikkert, og mindre forureinande for omgjevnadane. Er det kanskje eit alternativ for det nye anlegget ved Trollholet?

Monika Øksnes

Nestleiar